



RETTLEIING LAGA FOR: SAMTYKKE TIL SAMHANDLING (BTI)

For at offentlege instansar skal kunne samarbeide og dele teiepliktige opplysningar, må det ligge føre samtykke frå den det gjeld, barnet, føresette eller verge.

RETTLEIING TIL SAMTYKKESKJEMA FOR TVERRFAGLEG SAMARBEID

Ei samtykkerklæring er ein viktig og nyttig reiskap for å kunne arbeide tverrfagleg og gje best mogeleg oppfølging. Teieplikt er ikkje til hinder for at opplysningar blir gjort kjende for andre når den som har krav på teieplikt samtykkjer. For at eit samtykke skal vere gyldig, må det vere **informert, frivillig og skriftleg**.

Informasjon som blir gjeven når eit samtykke vert henta inn, skal vere god nok til at den som samtykkjer/foreldre kan gjere eit gjennomtenkt val. Hent inn samtykke på eit tidleg tidspunkt og sett av nok tid til ei god og tillitsskapande samtale. Forklar di rolle i det vidare tverrfaglege arbeidet.

Det betyr at den som skal gi samtykke/foreldre med foreldreansvar på førehand må få informasjon om:

- kvifor instansen/tenesta ynskjer samtykke
- kva ein samtykkjer til, kva slags opplysningar som skal delast/hentast inn
- kven opplysningane skal delast med
- kven ein vil innhente opplysningar frå
- kven som skal behandle opplysningane
- at samtykket er frivillig og kan trekkast tilbake
- at samtykket skal gjerast skriftleg. (Eit munnleg samtykke er òg gyldig, men må i så fall dokumenterast ved at referat frå samtale bli ført i personen si/barnet si journal/mappe mv.)

Viktig å hugsa på ved utfylling av samtykkesskjemaet

Kven skal ha samtykket?

Tenesta/instansen de representerer, t.d. barnevernstenesta. Unngå at samtykke blir gjeve til namngjevne tilsette. Den tilsette kan ha fråvær eller slutte i jobben.

Kva gjer vi når ein person ikkje vil gje samtykke?

Du må journalføre dette i eige saksbehandlingssystem.

Kva informasjon kan givast og delast?

Eit samtykke betyr i praksis at teieplikta blir oppheva så langt samtykket rekk. Det er difor viktig å få avklart kva slags opplysningar det blir gjeve samtykke til å dele/utveksle. Det skal ikkje delast/utvekslast fleire opplysningar enn kva samtykket dekkjer. Det skal ikkje delast fleire opplysningar enn det som er naudsynt for å oppnå målet i den enkelte saka. Eit samtykke innhenta til eit bestemt mål skal ikkje brukast for andre mål.

Eit samtykke bør dekkje at ei teneste/instans både kan gje og få opplysningar som er skildra i skjemaet.

Det er viktig å gje ei god skildring av den informasjonen som kan delast.

Samtykke for born under 18 år

Hovudregel

Samtykke må givast av dei som opplysninga, tiltaka eller planane gjeld. Når dei gjeld born under 18 år er hovudregelen at det er foreldra til barnet som skal samtykke.

Ein mindreårig (under 18 år) kan berre føreta rettslege handlingar viss det er særleg bestemt i lovgivinga. Det betyr at den mindreårige som utgangspunkt ikkje kan fritta eit kommunalt organ for teieplikta. I staden er det foreldre med foreldreansvar som har rett til å gje samtykke til deling av teiebelagt informasjon, jf. barnelova § 30. Foreldra skal utøve foreldreansvaret ut frå barnet sine behov og interesser. Sjå nedanfor om barns rett til medverknad.

Har foreldra felles foreldreansvar, skal dei ta avgjerdene saman. Utgangspunktet er då at begge foreldre skal samtykke. Viss det er problematisk å få skriftleg signatur frå den eine forelderen, er det tilstrekkeleg å få munnleg godkjenning eller signatur på e-post frå denne. Den tilsette må dokumentere dette i signaturfeltet til den forelderen som ikkje fysisk skriv under skjemaet. Kven som har foreldreansvar skal gå fram av folkeregisteret. Det finst fleire unntak hovudregelen.

Nokre av desse blir skildra nedanfor.

Saker om helsehjelp

Over 16 år

Den «helserettslege myndighetsalder» i Noreg er 16 år. Det betyr at born/ungdom over 16 år som hovudregel sjølv har rett til å samtykke til helsehjelp. Det betyr òg at dei sjølv kan samtykke til at teieplikta i saker om helsehjelp fell bort og at informasjon kan delast. Samtykket kan til dømes gjelde utarbeiding av individuell plan og oppnemning av koordinator.

Under 16 år

For born mellom 12 og 16 år skal foreldre med foreldreansvar avgjere om teieplikta fell bort. Barnet skal få høve til å uttale seg. Frå 12 års alder skal det leggjast stor vekt på barnet si mening. For born under 12 år er det foreldra åleine som avgjer om opplysningar skal kunna givast til andre. Barnet skal få høve til å uttale seg.

Begge foreldre

Hovudregelen er at begge foreldre skal samtykke til helsehjelp til born under 16 år sålenge foreldra har del i foreldreansvaret. Sjølv om den eine forelderen ikkje bur saman med barnet vil den ofte ha del i foreldreansvaret. Foreldre som har felles foreldreansvar, må som hovudregel vere einige for at samtykket skal vere gyldig. Foreldre som ikkje har foreldreansvar har som hovudregel ikkje mynde til å samtykke på vegne av barnet.

Ein av foreldra

Det er tilstrekkeleg at ein av foreldra samtykkjer til helsehjelp som vert rekna som del av den daglege og ordinære omsorga for barnet. Slike avgjerdar vert ikkje rekna som større avgjerdar i barnet sitt liv som begge foreldre må samtykke til når dei har felles foreldreansvar.

Med helsehjelp som er ledd i den daglege og ordinære omsorga for barnet inkluderer til dømes behandling av øyreverk, halsbetennelse, influensa, skrubbsår og så vidare.

Det kan oppstå situasjonar der foreldre er ueinige i om barnet skal få helsehjelp. Dette kan mellom anna vere aktuelt i samband med familiekonflikter, vald, overgrep og liknande. Vidare kan det vere aktuelt i situasjonar der foreldra har ulike oppfatningar av om barnet bør få helsehjelp eller ikkje. Det kan òg oppstå situasjonar der det ikkje er mogeleg å få avklart begge foreldra sine synspunkt på helsehjelp, til dømes fordi den eine forelderen ikkje er mogeleg å få tak i. I desse situasjonane kan den eine forelderen med foreldreansvar åleine gje samtykke til helsehjelp, føresett at kvalifisert helsepersonell meiner helsehjelpa er naudsynt for at barnet ikkje skal ta skade, jf. pasient- og brukerrettighetslova § 4-4 (3). Før slik helsehjelp blir gjeven, skal begge foreldra, eller andre som har foreldreansvar, så langt som mogeleg få seie si mening.

Det er eit vilkår at kvalifisert helsepersonell meiner at barnet kan ta skade av å ikkje få hjelp. Med kvalifisert helsepersonell er det meint helsepersonell som har naudsynt fagleg innsikt på området til å føreta ei forsvarleg vurdering av risikobildet og behovet for helsehjelp. Det vil som oftast vere den legen, psykologen eller tannlegen som er ansvarleg for helsehjelpa som bør føreta desse helsefaglege vurderingane.

Forutsetninga er at helsepersonell meiner at barnet kan ta skade av å ikkje få helsehjelp. Kva som vil vere skadeleg for barnet må vurderast konkret og vil til dels vere avhengig av eit helsefagleg skjønns hjå helsepersonellet. Både skader av somatisk og psykisk art er omfatta. Skadebegrepet vil difor òg omfatta tilfelle der det er viktig at born får snakke med psykolog eller får eit behandlingstilbod ved Barne- og ungdomspsykiatri (BUP).

Unntaksreglane nemnt ovanfor må forståast slik at den eine forelder sin rett til å bestemma helsehjelp òg gjev rett til å samtykke til deling av teiebelagt informasjon med andre instansar når dette er naudsynt for å gje helsehjelp.

Barnevernssaker

Hovudregel:

Når det gjeld barn under 18 år, er hovudregelen at det er foreldre til barnet som skal samtykke.

Ein mindreårig (under 18 år) kan berre gjere rettslege handlingar om det er særskilt bestemt i lovgivinga. Det betyr at den mindreårige som utgangspunkt ikkje kan frita eit kommunalt organ for teieplikta. Det er foreldre med foreldreansvar som har rett til å gi samtykke til deling av teielagt informasjon, jf barnelova §30. Foreldra skal utøve foreldreansvaret ut frå barnet sine behov og interesser. Sjå nedanfor om barns rett til medverknad.

Har foreldre felles foreldreansvar, skal dei ta avgjerdene i lag. Utgangspunktet er at begge foreldre skal samtykke. Dersom det er vanskeleg å få skriftleg signatur frå den eine forelderen, er det tilstrekkeleg å få munnleg godkjenning eller signatur på e-post frå denne. Den tilsette må då dokumentere dette i signaturfeltet til den forelderen som ikkje fysisk skriv under skjemaet. Kven som har foreldreansvar skal gå fram av folkeregisteret.

Det er fleire unnatak frå hovudregelen. Fleire av dei kjem fram i avsnittet som gjeld helsehjelp.

Barns rett til medverknad

Etter kvart som barnet blir i stand til å danne seg sine egne synspunkt på det saka handlar om, skal foreldra høyra kva barnet har å seie før dei tek avgjerd om personlege forhold for barnet. Dei skal leggje vekt på det barnet meiner alt etter kor gammalt og modent det er. Det same gjeld for andre som barnet bur hos eller som har med barnet å gjera.

Eit barn som er fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal få informasjon og høve til å seie meininga si før det blir teke avgjerd om personlege forhold for barnet. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år skal det leggjast stor vekt på kva barnet meiner, jf. barnelova § 31.

Når samtykkeerklæring er gitt

Korleis gje informasjon om at samtykke er innhenta frå personen/foreldre?

For å unngå at samtykke blir innhenta av fleire ulike samarbeidspartnarar tilrår vi at kopi av underskriven samtykkesskjema blir sendt til dei aktuelle instansane straks det er innhenta.

Ved første samtale med ein annan instans, må det informerast om at samtykkesskjema er underteikna og arkivert.

Korleis lagrar vi samtykkeerklæringa?

Samtykkeerklæringa skal arkiverast i det saksbehandlingssystemet som blir brukt i din teneste.

Dei tenestene/instansane som er involverte kan be om å få kopi av samtykkesskjemaet tilsendt.

Kva skal refererast i eit samarbeidsmøte?

Dei opplysningane det er gitt samtykke til kan delast i eit samarbeidsmøte. Det er viktig at referatet ikkje inneheld opplysningar som ikkje omhandlar personen saka gjeld. Til dømes: ver varsam med omtale av andre familiemedlemmer.

Anonym drøfting

Som hovudregel skal offentlege tilsette hente inn eit informert samtykke frå den vi hjelper, til å ta kontakt med andre delar av hjelpeapparatet. Om dette ikkje er mogeleg, er teieplikta ikkje til hinder for at tenesteapparatet kan drøfta ei sak anonymt (det blir då ikkje gjeve nokon opplysningar som er eigna til å identifisera konkret sak eller person).

Kor lenge varer eit samtykke?

Det er ikkje regulert i lov kor lenge eit samtykke varer. Vi tilrår anten å setje eit tidspunkt på minst eitt år eller å la tidspunktet stå ope og la det gjelde til samtykket blir trekt tilbake.

Dersom eit samtykke blir trekt tilbake, er det viktig å informere dei involverte. Du må journalføre at samtykket blir trekt tilbake i eige saksbehandlingssystem.

Meldeplikt til barnevern

Teieplikta skal ikkje vera til hinder for å melde frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at eit barn blir utsett for vald/seksuelle overgrep, og/eller lever i vald. Meldeplikta går føre teieplikta.

Opplysningsplikta til barnevernstenesta er **totalt**. Du har ei sjølvstendig plikt til å gje opplysningar til barnevern når det er grunn til å tru at barn

- blir mishandla heime
- blir utsett for overgrep, alvorleg omsorgssvikt, kjønnslemlestelse
- viser vedvarande alvorlege atferdsvanskar

Du har òg ei plikt til å svare når barnevernstenesta ber om opplysningar.

Meldeplikta står i barnevernlova § 6-4, helsepersonellova § 33, barnehagelova § 22 og opplæringslova § 15-3. Meldeplikta går føre teieplikta.

Avvergingsplikt

Avvergingsplikt er ei plikt heimla i straffelova §196, om å avverje ei straffbar handling ved å melde frå til politiet, eller på annan måte søkje å avverje ei straffbar handling. Avvergingsplikta gjeld når det framstår som sikkert eller mest sannsynleg at ei straffbar handling er eller vil bli begått. Avvergingsplikta opphever teieplikta.

Avvergingsplikta gjeld mellom anna i situasjonar der det kan skje mishandling i nære relasjonar, valdtekt, seksuelle overgrep mot barn eller drap.

I tillegg har visse yrkesgrupper plikt til å søkje å avverje kjønnslemlestelse etter straffelova paragraf 284, tredje ledd. Dette gjeld mellom anna barnehagar, barnevern, sosialtenesta, helse- og omsorgstenesta, skular og skulefritidsordningar.

Dersom den straffbare handlinga allereie er begått, har du avvergingsplikt berre når du reknar det som sikkert eller mest sannsynleg at handlinga vil gjenta seg. Du har òg plikt til å avverje dersom du ved å varsle kan forhindre følgjer av handlinga, som at ei allereie inntrådd skade forverrar seg.

Avvergingsplikta gjeld oss alle. Alle tilsette i Ørsta kommune er personleg ansvarlege for å melde frå til politiet og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at eit barn eller ein ungdom er utsett for vald eller seksuelle overgrep. Drøft bekymringa med kollegaer og din leiar.

Er du fagperson og har kollegaer eller ein overordna som ikkje deler din oppfatning av at eit alvorleg lovbrøt vil skje, har du framleis plikt til å søkje å avverje dersom du sjølv meiner det mest sannsynleg vil skje. Det er personens liv og helse som står i fremste rekkje. Det same gjeld om vedkommande er omsorgsperson og du fryktar at barns liv og helse står i fare.

Les meir her: www.plikt.no